

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28. Fylke: Oppland.
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Etnedal.
 Emne: Drikk til maten til kvardags Bygdela g: Heile bygdi.
 Oppskr. av: Lærar Martin Lindstein. Gard:
 (adresse): Bruflat. G.nr. Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. i samråd med
 Ingrid Sortungstad, Bruflat, bondekone 82 år.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I
 I gamal tid brukte dei mjölk til eit og anna, som sidan
 århundraskiftet har vore lite eller inkje i bruk her,
 soleis mjölkeblande :vatn og surmjölk til bruk under ar-
 beidet i sumarvarmen. Og likeins til "Breste". Dei kokte op
 mjölk, som brast, og denne blandingi av ost og mysu drakk
 eller åt dei attåt törrmat. Mange laga ogso ölost=öl kokt
 saman med mjölk. Men so brukte dei mindre mjölk til grau-
 tevæte den tid, då mange brukte öl-när dei ha ðle-eller
 primbræ (primvatn helst med litt sukker i). No brukar alle
 mjölk til grauten. Ein kan vist seia at mjölkebruket kor-
 kje er nemnande større eller mindre her enn i gamal tid.

2
 För var mjölk som leskedrikk, utan mat til, mykje vanleg.
 O fte kunne ein då, när ein kom som framand, bli boden
 ein mjölkedrykk, berre ein sjeldan gong med biteti attåt.

3
 No blir mjölk sjeldan brukt som drykk utanom måltidi.

öl 4
 Ölbrygging har det ikkje vore noko av her sidan omkr.
 1880 äri. Navnet var maltöl, og ein kan vel knapt seia
 at det nokon gong har vore nytta som kvardagsdrykk.

Kaffi 5-6
 Me har ikkje kjennskap til när kaffien fyrst kom i bruk
 her. Ein veit berre at den kom i bruk litt om senn i -
 dei ymse heimane. So seint som i 1875/80 var det heimar
 her

som ikkje hadde teke kaffien i bruk. Men det var rett nok ikkje mange. Kvardagsdrykk har den vel no vore i all fall på sume stader i bygden i snart hundre år.

7
Det gamle var kaffi to gonger om dagen :morgokaffi når ein stod opp,og eftaskaffi etter dugurskvila.Dette held mange på med enno,men utan om dette kan det nok no bli både ein og to gonger til.

8
Fyrst kokar dei opp gruddekjelen,og slær klåringifrå den på kaffekjelen,har på malen kaffe og kokar den op.Su-
me har brukt å klare kaffien helst med ein bit fiskeskinn.
Ei trekol har og vore brukt.Korkje salt eller anna brukast no.Ofte spør dei inannan i grudden,men mest for moro skuld,og utan å gå etter nokon slags reglar.

9-10
Både sukker, no raffinade., for koksukker, og flöyte brukast no av mest alle til kaffien.

Te II
Både kjøpete salviete og te av heimlege planter har lenge vore brukt her, helst til kveldsmaten, og ikkje kvardagsdrykk

Brennevin I 2
Berre i timberfløytingi var brennevin vore brukt tildagleg - drykk her. Dette vart det likevel slutt med ved 1900tallet.

I arbeidslaget kan det no vanke ein slaktedramm slaktedagen, men det er heller ikkje over alt.

Nyare drykk I 3
Her som vel over alt nå, blir det kjøpt bayer, pils, vörteröl, brus, selters osv. mest sumarsbel. Men som kvardagsdrykk kan ein vel ikkje seia at dei bli brukt. Til kvardags er det nok som før, kaffe, mjölk og vatn.

5783